

## Årsmelding 2017 Handballgruppa

Styret i handballgruppa 2017 var det same som i 2016:

- Oddmund L. Hoel (leiar)
- Jorunn Skålvik (kiosk, innkjøp)
- John Oddvar Vinda (hall/utstyr, dommarar)
- Tone Kristin Thomassen (lisens, medlemslister, minihandball)

Handballgruppa tel sesongen 2017/18 ca 105 spelarar og 21 trenarar og lagleiarar. Det er om lag det same som førre sesong. I tal spelarar er fråfallet av damelaget kompensert med betre rekruttering enn før på dei yngste laga.

### Aktiviteten i laga

I sesongen 2017/18 er sju lag med på ordinært seriespel – det same som dei to førre sesongane. I tillegg er G9 og J9 med på minihandballturneringar.

I aldersbestemte klassar stiller Bjørn denne sesongen jentelag i J15, J12 (2 lag), og J10, og gutelag i G14 og G10 (2 lag). J9 har stilt tre lag og G9 to lag på minihandballturneringane.

Me har stilt lag i kvinner senior (4. divisjon) tre sesongar på rad, men trass i hardt arbeid lukkast det ikkje å få tak i nok spelarar til denne sesongen. Det vil bli satsa mykje på å få i gang damelaget att neste sesong når den store gruppa på J15 er gamle nok. Det er ein viktig motivasjon for jentene i aldersfastlagde klassar at dei kan sikte seg inn mot eit seniorlag i klubben.

Alle jenter frå 9 til 15 år har hatt eit handballtilbod i Bjørn sjølv om det manglar lag i nokre årsklassar. For fyrste gong på fleire år har me hatt J15-lag. For gutane har det vore tilbod i Bjørn frå 9 til 14 år, og tre spelarar med Bjørn-bakgrunn er med på G16 i Sogndal. Både for jenter og gutar er det viktig og naudsynt å kunne slå saman årsklassar for å få nok spelarar til å stille lag, og det går greitt å få aldersdispensasjonar frå Region Vest. Nokre lag har òg samarbeidd om treningar.

Det har vore fire minihandballturneringar for J9/G9, som er det same som for førre sesong. Som før har òg ei av turneringane vore i Gaupne idrettshall. Det var god rekruttering av niåringar denne sesongen, og det er viktig å leggje til rette slik at alle held fram. Som før har handballgruppa stilt med trenarar (frå J15) på barnetrimmen i Gaupne to gonger i halvåret.

Dei fleste laga kom i gang med treningane kring haustferien, dei eldste laga tidlegare, og dei fleste trenar til sesongslutt i månadsskiftet mars/april, dei eldste laga også lenger enn dette.

Somme av laga har mange spelarar som spelar fotball medan andre lag har lite overlapp, ned mot berre to spelarar. På desse årskulla er handballen særleg viktig som idrettstilbod for born og ungdom. Spelarane kjem særleg frå skulekripsane Gaupne, Luster, Indre Hafslo, Jostedalen og Skjolden. Det er få spelarar frå Hafslo unnateke Indre Hafslo.

Laga melder jamt over om godt oppmøte på treningane, ivrige spelarar og fine opplevingar på kampdagane, same kva resultatet måtte bli.

Handballgruppa er oppteken av å få med spelarar på spelarutviklingstiltaka i Region Vest. Denne sesongen har 1–2 spelarar frå J15 vore uttekne til RUM-samlingane (regionalt utviklingsmiljø, fylket), ei var utteken til ei bylagsturnering (regionnivå), og fire 2004-jenter har vore med på ei eller fleire SUM-treningar (soneutviklingsmiljø, Sogn).

### **Trenarar, lagleiarar og dommarar**

Det gjekk greitt å få på plass trenarar og lagleiarar før sesongen, og alle lag har foreldre som trenarar. Det er god kontinuitet i trenargruppa, og framover vil det bli arbeidd meir med trenarutvikling. Det er eit mål å få ungdomane som spelar eller har spela handball til å ta på seg trenaroppdrag.

Det vert arbeidd med å få til kursing i skadeførebyggjande trening i samarbeid med Luster idrettssenter.

Bjørn har to aktive dommarar på høgare nivå (Per Reidar Svangstu og Asbjørn Håre). Julius Rosager tok dommar 1-kurs før sesongstart, og han og fem spelarar på J15 med barnekompleiarkurs har dømt alle kampar i Gaupne opp til 11 år og nokre 12-årskampar. Det er eit mål å få fleire til å ta dommar 1-kurs (formell aldersgrense 16 år), og felles dommarkurs med Sogndal handball er under planlegging.

### **Hall, utstyr og kampavvikling**

Kommunikasjonen med Luster idrettsråd er god, og treningstidene for idrettshallen kom på plass før sesongstart. I all hovudsak har handballen fått dei treningstidene laga ynskte seg, noko som er viktig for å hindre fråfall av spelarar og trenarar.

Kiosken er i godt gjenge, og tendensen er at laga i aukande grad ordnar til maten som skal seljast, heime før kampane. Omsetninga gjennom året er mykje avhengig av talet på kampar.

Handballgruppa er svært glad for at oppussinga av idrettshallen no kjem i gang og er særleg oppteken av nytt golvdekke og betre lys.

Nytt av året er live kamprapportering på Internett. Regionen avgjorde at J15 skulle i gang med dette i desember og G14/J12 på nyåret. Bjørn var tidleg ute og har hatt live-rapportering frå dei fleste kampar og naudsynt opplæring av sekretariat. Mange klubbar er framleis ikkje i gang.

### **Drift av gruppa**

Det har vore eitt trenar-/lagleiar møte i arbeidsåret. Gruppestyret har hatt tre vanlege møte og elles ordna det meste gjennom kontakt på e-post/telefon/facebook og ved at kvar og ein tek ansvar for sine arbeidsoppgåver.

Styret har byrja arbeidet med å lage ein sportsplan for handballgruppa.

Handballgruppa møtte på regiontinget i mai 2017 og møter i april 2018, og gruppa har møtt på dei fleste andre samlingar som Region Vest skipar til. Gruppa har god kontakt med dei andre klubbane i Sogn, særleg Sogndal. Det er svært viktig for Bjørn-handballen at det finst eit sterkt handballmiljø i Sogndal.

Den viktigaste informasjonskanalen internt i gruppa er facebook. Alle lag har sine egne fb-grupper, og i tillegg har gruppestyret oppretta lukka grupper for lagleiarar/trenarar, dommarar og seg sjølv. Den eksterne informasjonskanalen er den opne gruppa «IL Bjørn handball».

Det letta informasjonsarbeidet mykje at IL Bjørn fekk nye nettsider før årsskiftet. På handballsida ligg no mykje praktisk informasjon om kampavvikling, treningstider, kontaktliste, bussliste og arrangørinstruks som før var vanskelegare tilgjengeleg.

Gaupne, 5. mars 2018.

Oddmund L. Hoel

Leiar i handballgruppa